

Innspel til opplæringstilbødet skuleåret 2018-19 for Bygg og anleggsteknikk og Byggteknikk.

Florø vidaregåande skule bør få 1,5 gruppe på Bygg og Anleggsteknikk. Grunngevinga er at dei treng mange fleire fagarbeidarar til bransjen i området. Byggteknikk med 12 elevar er det ikkje noko å kommentera på.

Ingen kommentar til VG1 på Mo og Øyrane vidaregåande skule. Byggteknikk med to klassar fortsett.

Måløy vidaregåande skule med berre 6 søkjarar ligg vel under kravet som er 8 elevar. Men sjølv sagt fint om klassen fekk fortsette. Byggteknikk med 8 elevar blir oppretthaldd.

Sogndal vidaregåande skule ser vi har for lite søknadar til 4 klassar på VG1. Byggteknikk får 2 klassar.

Stryn vidaregåande skule har per i dag ein del elevar som er inne i eit utdanningsløp på 4 år der dei veksar mellom opplæring i skule og opplæring i bedrift. Det er svært viktig at Stryn vidaregåande skule får oppretthalde 17 elevplassane fordelt på 1 ½ gruppe slik at vekslingselevane før fullført opplæringa si fram til fagbrev. Blant dei 17 primærsøkjarane er det 7 elevar som vil vere vekslingselevar i 1+ 3 modell.

Mvh

Petter Arnt Løvdahl

Tlf. 915 67 924

Stryn vidaregåande skule

Byggmestrenes servicekontor avd. Sogn & Fjordane

Postboks 158

6781 Stryn <http://www.egvilblitomrer.no/>



Tenk på miljøet før du skriver ut denne e-posten

Opplæringskontoret for Transport og logistikk

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Askedalen 2

6863 Leikanger

Dimensjonering av skuletilbodet for skuleåret 2018 - 2019

For å kunne utføre det persontransporttilbodet, som det er behov for i Sogn og Fjordane dei neste fem åra, vil det vere behov for 30 – 40 nye sjåførar/lærlingar Pr år.

På lengre sikt vil dette behovet vere betydeleg større. I same periode vil lastebilnæringa likeeins ha behov for omlag det same tal nye sjåførar/lærlingar.

Skal ein ha eit opplæringstilbod for dette faget så er ein nøydd til å vidareføre med tre Vg 2 klassar innan Transport og Logistikk i Sogn og Fjordane. Tilboda bør leggest til Førde, Sogndal og Stryn. Næringa har eit stort behov for lærlingar og tek i mot alle som kvalifiserer seg. Transportutdanninga sin vidare eksistens vil såleis ha stor betyding. Dette gjeld ikkje berre for transportnæringa, men også for heile fylket.

Det er samstundes og viktig at det er nok dimensjonering av VG1 klassar, derfor er det viktig og med tre vg1 TIP klassar i Førde og ein i Stryn.

Transportnæringa er viktig for fylket, som næring og arbeidsplass. Vi har mange store aktørar både innan persontransport og godstransport i Sogn og Fjordane. I tillegg er det også slik at dersom vi ikkje har ei godt utdanningstilbod innan transportfag i fylket, vil ikkje anna næring eller busetnad få dekkja sine nødvendige behov.

På sikt vil det vere med og gjere fylket mindre konkurransedyktig som bu og arbeidsområde. I tillegg vil ei viktig næring kunne få store driftsvanskar då tilgang til sjåførar er avgjerande for drifta.

Det er svært viktig for næringa at det vert ro kring kva tilbod som vert lyst ut.

Skal ein i Sogn og Fjordane satse på ei levedyktig transportnæring også i framtida, så må ein behalde dagens utdanningstilbod med tre VG2 klassar. ***Det er og viktig å få fram at alle som kvalifiserar seg får læreplass innan Transport og Logistikk***

Førde, 09.03.2018

Med helsing

Rune Apneseth

-dagleg leiar-

Sissel Brusegård

Fra: Roald Standnes <roald@bok-sfj.no>
Sendt: fredag 9. mars 2018 14:34
Til: Sissel Brusegård
Emne: Innspel til justering av tilbudet for 2018

Hei!

Bilbransjen peikar framleis på at de er behov for: 36 plassar på VG2 køyretøy og 8 plassar på bilskade, lakk og karosseri. Det blir vist til at det er mange søkjarar med adresse Sunnfjord som ikkje får læreplass, men vi meiner at desse elevane er vanskelege å formidle.

For å auke rekruttering til indre Nordfjord ynskjer vi framleis ein VG2 TIP klasse i Stryn.

Helsing

Roald Standnes

dagleg leiar

Bilbransjens opplæringskontor AS

Mob: 951 68 513

Sissel Brusegård

Fra: Jan Erik Øygard <Jan.Erik.Oygard@mef.no>
Sendt: fredag 9. mars 2018 14:34
Til: Sissel Brusegård
Emne: Dimensjonering

Vi ser det som rett dimensjonering med 3 grupper Vg2 Anleggsteknikk.

Jan Erik Øygard
OKAB Sogn og Fjordane
Mob. 95 46 72 02
jan.erik.oygard@mef.no

Sissel Brusegård

Fra: Nils Arne Ødegård <nilsarne@byggopp.no>
Sendt: fredag 9. mars 2018 18:10
Til: Sissel Brusegård
Emne: Skolestruktur 18/19

Byggopp Sogn og Fjordane ynskjer oppstart på utlyste tilbod innan studietilbudet for bygg og anlegg. Vi har behov for lærlinger i tråd med utlyste tilbod og Byggopp jobber aktivt kvart einaste år med rekruttering for å oppnå elev søkertallet for å fylle desse klassene som er utlyst

Sendt fra min iPhone

Sissel Brusegård

Fra: Bjørn Kvalheim <bjorn@okfh.no>
Sendt: søndag 11. mars 2018 20:27
Til: Sissel Brusegård
Kopi: Larsen, Kathrine; John Heimvik
Emne: Innspill til dimensjonering 2018/19 fra OKFH.

OKFH har følgende innspill til dimensjoneringen for 2018/19 Naturbruk Vg1.

På vegne av medlemsbedriftene våre ønsker vi å spille inn et sterkt ønske om å øke opp antall plasser på Naturbruk Vg1 (blå) fra dagens 12 plasser til 18 eller 24.

Om ikke dette er mulig for 2018/19, vil vi jobbe aktivt for å få dette på plass i 2019/20. En tilsvarende økning må til året etter for Vg2 fagene fiske og fangst og akvakultur.

Dette fordi:

- Vi har hatt økende søkertall til Naturbruk (blå) de siste årene. Samme trend ser vi ellers i landet, og det samme gjelder for marine fag på høyskoler og universiteter
- Vi har de siste årene hatt langt flere læreplasser enn lærlinger i våre fag. Våre to største lærebedrifter i akvakultur og fiske og fangst kan i dag alene ta inn alle vg2 elvene fra disse to linjene som lærlinger (Marine Harvest og Ervik Havfiske).
- Flere nye bedrifter har konsesjonssøknader til behandling i disse dager, og alle har signalisert at de ønsker lærlinger fra første dag. (OFS AS, Blom Fiskeoppdrett/Coast Seafood AS, Bulandet Miljøfisk AS, Nekst AS samt ny konsesjon i Bremanger som vil bli tildelt snart)
- Nye regler om minimum 75% andel med norsk mannskap på norske fiskebåter fra våren 2018.
- Nye fiskebåter som er bedre tilrettelagt for å ta med lærlinger (mer lugarplass)
- Økt interesse for å ta inn lærlinger på mindre fiskebåter i fylket.

Vi føler at det er veldig lite ambisiøst å fortsette med dagens dimensjonering slik framtidsutsiktene til fiskeri- og havbruksnæringen er.

Når Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Måløy vidaregåande skule nå har fått oppdrettskonsesjon som vil generere penger til en forbedret akvakulturutdannelse, og at en samtidig har en ny og moderne opplæringsbåt på tegneblokka, mener vi at det er naturlig at vi samtidig øker opp med flere elevplasser for å kunne være med på den positive utviklingen.

Søkertall Måløy vidaregåande skule - Naturbruk:

2017 26 inkl. 5 YSK? = 21 søkere til 12 plasser Naturbruk

2018 22 inkl. 3 YSK = 19 søkere til 12 plasser Naturbruk

Vi har ellers et ønske om at en ikke slår sammen søkertallene for Naturbruk og YSK- akvakultur når en presenterer søkertallene for Vg1.

Nevner også at våre lærebedrifter er veldig fornøyde med YSK akvakultur ordningen, og synes det er skuffende at denne begrenses til 4 plasser p.r. år mens vi ser at en utvider eller starter opp med denne ordningen i andre fylker.

Med hilsen

Bjørn Kvalheim

OKFH

OPPLÆRINGSKONTORET
FOR FISKERI- OG HAVBRUKSFAG

Maritim Park, 6707 Raudeberg
Tlf. 57 85 22 32 Mob. 959 86 700



www.okfh.no



OKFH er sertifisert av Bureau Veritas i samsvar med gjeldende STCW
krav for opplæring i matros, motormann og fiske og fangst feget.

Sissel Brusegård

Fra: Bjarte Heggheim <bjarte.heggheim@nelfo.no>
Sendt: søndag 11. mars 2018 20:48
Til: Sissel Brusegård
Emne: Utdanningstilbudet i vidaregåande utdanning i Sogn og Fjordane 2018/2019 ELEKTROFAG

Utdanningstilbudet i vidaregåande utdanning i Sogn og Fjordane 2018/2019 ELEKTROFAG

Generelt:

Våre medlemsbedrifter sysselset ca 700 arbeidstakarar i Sogn og Fjordane. Av desse er det om lag 560 fagarbeidarar. I dag har Opplæringskontoret for elektrofag 154 lærlingar på kontrakt. Dette betyr at OFEL sin medlemsbedrifter på fire fagarbeidarar, har ein lærling. Lærlingandelen er på 22% av arbeidstokken i direkte produksjon. På landsbasis er denne på ca 15%. Dette stadfestar at Elektrobedriftene i Sogn og Fjordane tek inn forholdsvis mange lærlingar i forhold til talet fagarbeidarar. Bransjen er difor nøkterne med å signalisere auka inntak av lærlingar dei neste 2-3åra. Vi meiner difor at dimensjoneringa av utdanninga frå VGS bør vere om lag på same nivå som for 2017 og at dette er i tråd med det elektrobransjen kan ta i mot på kort sikt. Stor og auka interesse for elektrofag må ikkje leie til ei avgjerdsle om å auke inntaket av elektro-elevar.

Vg1 Elektro 10 klasser

Årdal 1, Sogndal 2, Høyanger 1, Førde 2, Eid 2, Florø 2 169 søkarar på 130 plassar
Kommentar: Dimensjoneringa av vg1 Elektro klassar bør vere slik det er i dag.

Vg2 Automatisering 2 klassar

Årdal 1 og Eid 1. 29 søkarar på 24 plassar.

Kommentar: Automasjonsklassen på Eid har i 2017 rekruttert elevar frå Nordfjordområdet som har gått på bekostning av vg2 el-energi.

Dette fører til at rekrutteringa spesielt til elektrikerfaget i Nordfjordområdet blir skadelidande fordi klassen på el-energi blir fylt opp av elevar frå andre regionar som søkjer seg tilbake til eigen region for å få lærekontrakt.

Dette er ikkje bra når installasjonsbedriftene i Nordfjord har stort behov for rekruttering i elektrikerfaget. Antal plassar i aut. må ikkje utvidast.

Vg2 Data og elektronikk 3 klassar

Sogndal 1, Førde1 og Eid 1 24.søkarar på 36 plassar.

Framlegg: Eit prøveinntak vil vel fylle desse klassane frå oversøknad frå dei andre elektrofaga.

Vg2 Elenergi 5 klassar

Sogndal 1, Høyanger 1, Førde 2, Florø 1, Eid 1 73 søkarar på 60 plassar.

Framlegg: Her må vi ha **totalt 6.klassar** i fylket for å dekke behovet. Sunnfjordregionen må ha eit tilbod til dei som har søkt.

Vg3 Automasjon 2klassar

Årdal 1 og Eid1 21.søkjarar på 24.plassar.

Kommentar: Som før, men heng i saman med kommentar for vg2 automasjon.

Vg3 Data og Elektronikk. 2.klassar.

Sogndal1 og Eid1 21.søkjarar på 24.plassar.

Kommentar: Som før


Med venleg helsing
Bjarte Heggheim – Regionsjef
tlf– 99 71 44 74



OFEL – Opplæringskontoret for elektrofag i Sogn og Fjordane

Firdavegen 6 | Postboks 781 | 6805 Førde

<http://www.nelfo.no> | <http://www.OKSU.no> |

Lik oss på <https://www.facebook.com/ofelsf> 

Sissel Brusegård

Fra: Hans Børge Lillehaug
Sendt: søndag 11. mars 2018 21:02
Til: Sissel Brusegård
Kopi: Henrik Oppen
Emne: OKOS - klassejustering 2018/19

Det er i 2018 en tilfredsstillende balanse mellom antall søkere til læreplass og intensjonsavtaler i aktuelle fag i vår region.

OKOS velger derfor å avvente eventuelle justeringsforslag til situasjonen gir et grunnlag for det.

Mvh
OKOS
Hans-Børge Lillehaug
daglig leder

Sendt fra min iPhone

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/opplæringsavdelinga

9. mars 2018

Opplæringstilbodet for skuleåret 2018 - 2019

Under følgjer våre innspel til opplæringstilbodet for skuleåret 2018 – 2019.

1. Vg1 Elektrofag

Nordfjord opplæringskontor ber om at det opprettast ei ekstra klasse Vg1 elektro i Nordfjord, og at det i staden for to klasser på 15, vert tre klasser på 12 elevar. Dette vil gje enno meir samsvar i høve tilboda på Vg2 (Elenergi, Dataelektronikk og Automasjon). Slik vi ser næringslivet i Nordfjord, vil vi oppleve ei auke i behovet på lærlingar innan dataelektronikk og spesielt automasjon i åra som kjem, og vi vil klare å få desse ut i lære.

2. Vg1 Teknikk og industriellproduksjon

Vi viser til fleire innspel ved tidlegare høve, og ber om at ein på ny ser på moglegheita for å opprette fleire grunnkurs på Vg1 TIP, dette for å sikre nok søkjarar til Vg2 tilboda våre i Nordfjord. Våre medlemsbedrifter har eit stort behov for lærlingar som kjem frå spesielt Vg2 industriteknologi, no og i framtida. Slik situasjonen er no må mange av bedriftene våre belage seg på å hente lærlingar utanfor Nordfjord. Vi meiner at dette er og framleis vil vere ei lite teneleg løysing for bedriftene når det gjeld langsiktig rekruttering.

3. Helsearbeidarfaget

Det er gledeleg å sjå den store søkinga til Helse og Oppvekstfaga, og samtidig er det gledeleg at vi parallelt ser ei markant auke i læreplassar både i helsearbeidarfaget og i barne og ungdomsarbeidarfaget totalt sett, og blant våre medlemsbedrifter i kommunalsektor; Stryn Kommune, Eid Kommune og Gloppen Kommune. Desse tre vil samla sett ha eit behov på 13 til 15 nye helsefaglærlingar årleg i åra framover, og mellom 6 til 7 lærlingar i barne og ungdomsarbeidarfaget årleg.

Pr no er talet elevar som vel å gå ut i læretid frå Vg2 tilboda i Nordfjord ikkje stort nok til å dekke opp behovet for lærlingar for desse tre kommunane. Ei kartlegging viser at Nordfjord-kommunane er avhengige av å erstatte kring 140 årsverk i helsesektoren dei 4 til 5 neste åra. Dette er eit viktig moment å ta med seg i dimensjoneringsspørsmålet sidan alle signal viser at det vil vere eit skrikande behov for at fleire tek denne utdanninga i åra som kjem. Vi meiner at det bør vere grunnlag for å opprette ei ekstra klasse med Helse og oppvekstfag i Nordfjord.



4. Vg4 Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse

Vi meiner at «Vg4 Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse» er eit studium som ein bør tilby både i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Vårt nabofylke Møre og Romsdal tilbyr no dette studiet på 15 skular frå hausten 2018! Alle våre lærlingar som i dag går eller skal gå vidare på dette studiet har søkt seg over fylkesgrensa til Møre og Romsdal. Dette skyldast i stor grad at tilbodet ikkje finnast i Nordfjord, og at avstandane til høvesvis Volda og Ålesund er mykje kortare enn tilbodet dei blir tilbydd i eige heimfylke, samt at det er meir attraktivt å ta studiet der.

Tilbodet fungerer etter vår meining ikkje slik det er lagt opp i dag, og det er dumt at ungdommane ikkje kan få ta dette studiumet i sitt nærområde.

Vi ser det som sjølvsagt at Sogn og Fjordane til liks med nabofylka våre også skal tilby dette studiumet ved fleire skular, og meiner at tilbodet bør opprettast på ein skule i kvar region som allereie tilbyr Vg3 Påbygg frå hausten 2019.

Med vennleg helsing
for Nordfjord opplæringskontor

Tom-Øyvind Solheim

Leif Johnny Endal



SOGN OPPLÆRINGSKONTOR

Vår dato
11.03.2018

Vår referanse

Vår sakshandsamar

Anne Kauppi

Dykkar dato

Dykkar referanse

Til

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Opplæringsavdelinga

Kopi

Justering av opplæringstilbodet 2018/2019

Elektro

VG1 Elektro

Med 169 søkarar som ynskjer elektrofag som første ynskje, så er det ei oversøking med 39.

Ser me litt inn i glaskula, så er elektrofag eit utdanningsprogram som kjem til å verte etterspurd framover. Digitalisering, automatisering og robotisering (industri 4.0) i industrien, kjem til å bidra til denne auken i etterspurnaden.

Rådar til at det vert oppretta ei ekstra klasse innan VG1 elektro i Sogn

VG2 Elenergi

Med ei oversøking på 13, og med læreplassane som har vore tilgjengeleg siste åra, vil eg rå til å oppretthalde tilbodet med 5 grupper.

VG2 Data og elektronikk og VG3 Dataelektronikerfaget

Her rår eg til å oppretthalde tilbodet med 3 + 2 grupper

VG2 automatisering og VG3 autoamtiseringsfaget

Her rår eg til å oppretthalde tilbodet med 2 + 2 grupper

Helse og Oppvekst

VG1 Helse og oppvekstfag

Med ei oversøking på 66 som har dette som første ynskje, er det svært gledeleg. I framtida vert det eit stort behov for helsefagarbeidarar, og da er det viktig å ta vare på denne sjansen for rekruttering.

Rådar difor til at det vert oppretta ekstra grupper, og at minimum ei av desse vert i Sogn. Sogn Opplæringskontor garanterer for å ha klare 12 nye læreplassar innan faga i 2020.

VG2 tilbodet

Ynskjer ikkje å gjere nokon endringar innan på tilbodet her. Viss læreplassane er tilstades, bør ein vurdere å auke tal plassar fra 6 til 12 i ambulanséfaget.

Service og samferdsel


VG1 Service og samferdsel

Sjølvsagt om det er undersøking med 4 som har dette som fyrste ynskje, rår eg til å oppretthalde tilbodet slik det er.

VG2 Sal, service og tryggleik

Sogn Opplæringskontor har arbeidd hardt dei siste åra for å auke tal læreplassar innan salsfaget og kontor- og administrasjonsfaget.

Diagrammet syner løpande lærekontraktar i Sogn per januar kvart år. Tala er henta fra Vigo (fått fra fylkeskommunen) Sjølvsagt med liten innsøking, ynskjer eg at tilbodet i Sogn vert opprettholdt, da me no har fått på plass læreplassane.



Postadresse

Sogn Opplæringskontor
Postboks 213
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse

Farnesvegen 32, Øvre Årdal
Epost: anne@sognok.no

Telefon

911 20 643

Web

www.sognok.no

Foretaksregisteret

997 023 234



Vår sakshandsamar

Anne Kauppi

Dykkar dato

Dykkar referanse

Teknikk og industriell produksjon**VG1 Teknikk og industriell produksjon**

Det er gledeleg å sjå at det er ein liten oversøking på 3 til dette programområdet.

Det er i tillegg viktig at det er samsvar mellom VG1 tilbodet og VG2 tilbodet på dei ulike skulane. Her skulle/burde det har vore to grupper på Årdal vgs, da det er rekruttering til 2 VG2-løp. I tillegg ser me over tid at det er mange elevar om nyttar seg av kryssløp til andre programfag som td. VG2 transport og logistikk fra VG1 TIP.


Foreslår ingen endring i tal klassar som vert oppretta til hausten, men at ein bør sjå på **kor** ein opprettar klassane.

VG2 Industriteknologi


38 søkarar til 76 plassar er katastrofe. Det er katastrofe for industrien i fylket, og her klarar me rett og slett ikkje å rekruttere nok kandidatar til læreplassane våre.

VG2 industriteknologi rekrutterar til 24 lærefag! Statistikk dei siste 4 åra på løpande lærekontraktar i Sogn per januar, syner at me har læreplassane! Sogn aleine kan garantere for at 2,5 klasse får læreplass kvart år.

Tal lærekontraktar i Sogn per januar



Tal løpande lærekontraktar i Sogn per januar, fra VG2 industriteknologi

**Postadresse**

Sogn Opplæringskontor
Postboks 213
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse

Farnesvegen 32, Øvre Årdal
Epost: anne@sognok.no

Telefon

911 20 643

Webwww.sognok.no**Foretaksregisteret**

997 023 234



Vår sakshandsamar

Anne Kauppi

Dykkar dato


Dykkar referanse

VG2 kjemiprosess


Også her er det katastrofetal for industrien med tanke på tal elevar som har dette som første val.

Ber om at klassen vert oppretthaldt, trass i låg innsøking.

Hydro Aluminium og Norsun treng at denne klassen vert oppretthaldt. Desse to verksemdene aleine, tek inn fleire lærlingar enn det er elevar kvart år i Sogn og Fjordane. Desse hentar dei fra klassen på Årdal vgs og Hordaland først og fremst, men òg andre fylker.



Heilt til slutt vil eg syna den gode formidlinga til Årdal vgs fra VG2 industriteknologi og VG2 kjemiprosess dei siste 4 åra til lærekontraktar



Legg og ved intensjonsavtalane me har for lærlinginntaket 2018. Her ser de at SOK aleine treng 23 lærlingar frå VG2 industriteknologi og 14 frå VG2 kjemiprosess.

Med venleg helsing

Anne Kauppi
Dagleg leiar



Avtale om lære plass

Avtale om lære plass mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og

Lærebedrift/opplæringskontor: Sogn Opplæringskontor

Adresse: Farnesvegen 32, 6884 Øvre Årdal

Telefon: 911 20 643

Kontaktperson: Anne Kauppi

Vi ønsker å inngå avtale om å teikne lærekontraktar/opplæringskontraktar med lærlingar/lærekandidatar i følgjande fag:

Lærefag:	Tal lære plassar:
Anleggsmaskinførerfaget	1
Automatiseringsfaget	5
Barne- og ungdomsarbeiderfaget	9
Betongfaget	1
Bilfaget, tunge køyretøy	1
CNC-maskineringsfaget	2
Dataelektronikarfaget	4
Elektrikerfaget	4
Energimontørfaget	2
Gjenvinningsfaget	1
Helsearbeiderfaget	12
IKT-servicefaget	3
Industralerfaget	1
Industrimekanikerfaget	8
Industrisnikkarfaget	1
Institusjonskokkfaget	2
Kjemiprosessfaget	14
Kontor- og administrasjonsfaget	5
Laboratoriefaget	1
Logistikkfaget	1
Platearbeiderfaget	3
Produksjonsteknikkfaget	8
Salsfaget	4
Tømrarfaget	3
Yrkessjåførfaget	4